

Møte i Sogn Regionråd 4. desember 2015 - Informasjon til eigarar av Sogneprodukt as

Styra i Sogneprodukt as, Balestrand Industrier as og Vik Asvo as har vedteke å gå inn i prosess med mål om mogeleg fusjon.

Eigarsamansetning

- Vik Asvo er 100% eigd av Vik kommune
(omsetning knapt 4 mill. kr)
- Balestrand Industrier er 100% eigd av Balestrand kommune
(omsetning knapt 5 mill. kr)
- Sogneprodukt sine eigarar er: (omsetning knapt 30 mill. kr)

S og Fj. Fylkeskom.	150	27.17%
Vik Kommune	125	22.64%
Årdal Kommune	50	9.06%
Sogndal Kommune	50	9.06%
Luster Kommune	40	7.25%
Aurland Kommune	25	4.53%
Spareb. S og Fj.	20	3.62%
Sparebanken 1 Vest	20	3.62%
Leikanger Kommune	15	2.72%
Vik Sparebank	10	1.81%
Lærdal Kommune	10	1.81%
Indre Sogn Sparebank	10	1.81%
Balestrand Kommune	10	1.81%
Aurland Sparebank	10	1.81%
Luster Sparebank	5	0.91%
Norges Handikapf.	2	0.36%

Bakgrunn:

Det skjer store endringar i rammevilkåra i bransjen, og styra ynskjer å møte dette offensivt ved å utvikle ei meir slagkraftig bedrift i Sogn.

- Tiltak som tidlegare berre Vekst- og Attføringsbedriftene kunne tilby NAV er no anbudsutsett.
- NAV vil gjere meir sjølv og overta tenester dei har kjøpt hjå oss.
- VTA tiltaket (varig tilrettelagt arbeid) vil halde fram, men truleg i endra form frå 2017. NAV Sogn og Fjordane signaliserar at dei mindre bedriftene truleg ikkje får behalde dei plassane dei har, men at dette vil stille seg annleis om bedrifta omfattar eit større distrikt.
- Andre tiltak (KIA, APS, TIA) vert borte i løpet av 2016 og eit nytt tiltak kjem: AFT (arbeidsførebuande trening). Detaljane er ikkje på plass og vi har framleis ikkje informasjon om kor mange plassar vi kan få og kva betalinga vert.
- Kraftig auke i behov for tenester til flyktningar/framandspråklege
- Signal om behov for relevante «interne» arenaer for teneste-/vareproduksjon

Prosess:

Først no går dei tre bedriftene i gang med detaljert og grundig gjennomgang for å analysere positive og negative sider ved ein fusjon. Ei prosjektgruppe samansett av dei daglege leiarane og representantar for tilsette skal jobbe med dette. Dei kan trekkje på andre ressursar ved behov. **Det vert utarbeidd ein framdriftsplan for arbeidet, plan for informasjon og plan for når det skal gjerast vedtak i ulike organ.**

Dei andre vekstbedriftene i Sogn, Indre Sogn Asvo as og Luster Arbeidssenter as, er orienterte om fusjonsarbeidet.

Vekst- og Attføringsbedrifter

Bedriftene er samfunnsbedrifter, underlagt regelverk som forbyr utbytte til eigarane og gir bedriftene skattefritak.

Bedriftene vart i si tid etablerte med i hovudsak kommunale eigarar og i samarbeid med arbeidsmarknadsetaten. Dei har vore kommunane sitt «verktøy» for å hjelpe personar som av ulike grunnar ikkje klarar å ta del i ordinært arbeidsliv og hjelpe andre til arbeid og utdanning.

Regelverk om offentleg innkjøp og anbudsutsetjing kan vere utfordrande for om kommunane kan bruke sine egne bedrifter. Spørsmålet om kva eigarane vil bruke sine bedrifter til vert aktualisert. Kommunane står ovanfor oppgåver som dei må løyse der det kan vere aktuelt og bruke desse bedriftene. Flyktningetenester og krav om aktivitetsplikt både for sjukemelde/sosialhjelpsmottakarar er stikkord og ta med seg i ei slik vurdering.

Det er berre å ta kontakt og om ynskjeleg kan vi kome og informere.

Venleg helsing



RAGNHILD FJÆRESTAD

Dagleg leiar

tel 57 69 83 40 mob 97 56 94 88

www.sogneprodukt.no